

Vaksdal kommune
Att.: Rådmann
Konsul Jebsensgate 16

5722 DALEKVAM

Revisjonsrapport nr. 3 (journalføres)

21. april 2016

REVISJONSRAPPORT 2015

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2015. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å avgje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og oppretthalde ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

3.1 Reiserekningar

Manglar knytt til reiserekningar vart teke opp i revisjonsrapport nummer 2. Vi ser ei forbetring i 2015 samanlikna med 2014, men det er framleis avdekka nokre manglar og slurv ved utfylling. Forskrift til skattebetalingsloven §§ 5.6 og 5.9 stiller ein del krav til opplysningar ved reise-godtgjersle. Følgjande skal vera med:

- Arbeidstakar sitt namn, adresse og underskrift
- Dato og klokkeslett for avreise og heimkomst for kvar reise
- Formålet med reisa
- Kva arrangement arbeidstakaren har delteke på
- Framstilling av reiserute
- Tal på køyrde kilometer
- Namn på passasjer det vart kravd tillegg for
- Namn og type på overnattingsstad
- Oversikt over andre utlegg
- Originale kvitteringar skal leggjast ved

Kommunen har teke i bruk elektroniske reiserekningar i slutten av 2015 og vi forventar difor at vi ikkje finn manglar eller avvik når rekneskapen for 2016 blir revidert.

3.2 Rutinar bank

Ved vår gjennomgang av kommunen sine rutinar knytt til utbetalingar frå bank, observerer vi at det berre er krav om ein godkjennar for å utføra utbetalingar. Ei slik einefullmakt utset kommunen for uynskt risiko. I tillegg har kommunen manglande arbeidsdeling. Ein tilsett kan både foreta utbetalingar frå bank og utarbeide avstemming av den same bankkontoen. Kommunen bør difor vurdere rutineane på fullmaktsstrukturen slik at arbeidsdeling føreligg. Vi viser og til revisjonsrapport nummer 2 der forholdet vart teke opp.

4 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2015. Vi har lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendig og at eigedelar og utgifter er gyldige og eksisterer. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor.

4.1 Avstemming av balansepostar

Etter bokføringslova § 11 første ledd skal det ved utarbeiding av årsrekneskapen leggjast fram dokumentasjon av alle balansepostar, med mindre dei er ubetydelege. Dette medfører at kommunen er pliktig til å avstemma alle vesentlege balansepostar.

For aksjar som ikkje er notert på børs må balanseverdien dokumenterast enten ved verdsetjing eller som et minimum; egenkapital i selskapet multiplisert med talet på aksjar. Ved indikasjon på nedskrivning må administrasjonen si vurdering dokumentarast. Vi har ikkje

motteke vurdering av verdien på Vaksdal Næringspark AS. Balanseverdien av aksjane er kr 3.500.000 medan eigenkapitalen i Vaksdal Næringspark AS er kr 666.000 per 31.12.2014. Aksjeposten burde etter vår meining vore nedskriven til verkeleg verdi kr 666.000. Tilhøvet er omtalt i revisjonsmeldinga.

I tillegg er konto 2131001 sjukepengar ikkje avstemt. Ved utgangen av 2015 er saldo på denne kontoen MNOK 1,8. Vi har i samtalar med administrasjonen ikkje avdekka vesentlege feil, men ber om at den nemnde konto blir avstemt hausten 2016.

4.2 Namn på rekneskapslinjer

Balanserekneskapen skal vise status for kommunen sine egedelar, gjeld og eigenkapital ved utgangen av rekneskapsåret. Oppstillinga skal vera i høve til vedlegg 3 til rekneskapsforskrifta. Balanserekneskapen skal minst vise beløp for siste avlagde årsrekneskap i tillegg til rekneskapen for i år. I rekneskapen for kommunen er andre kortsiktige fordringar feilaktig klassifisert som derivat. Vi gjer og merksam på at fleire av kommunen sine langsiktige lån feilaktig er klassifisert som konsernintern gjeld. Vi ber kommunen rette opp dette for 2016. Dette var også eit punkt i fjor og vi ynskjer difor at dette rettast før vi kjem ut på interimrevisjon hausten 2016.

4.3 Kontoklassifisering

Konto 1909 Gevinst finansielle instrumenter inneheld meir enn gevinst ved sal av verdipapir, til dømes renteinntekter, verdiregulering og utbytte. Det vil gjere rekneskapen meir oversiktleg å rapportere dette på ulike kontoar.

Konto 1508 Tap finansielle instrumenter inneheld meir enn tap ved sal av verdipapir til dømes reduksjon av marknadsverdi. Det vil gjere rekneskapen meir oversiktleg å rapportere dette på ulike kontoar.

5 Andre tilhøve

5.1 Skriftlege rutinar

Det er krav i medhald av bokføringsforskrifta § 6 at det skal utarbeidast dokumentasjon av rekneskapssystemet og informasjon om korleis dette kan etterprøvast.

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Kommunen har mykje på plass per desember 2015. Det som framleis manglar er skriftlege rutinar for avsetjingar ved årslutt, innkjøpsstrategisk dokument (under arbeid). Sjå også kommentar lenger opp angående rutinar bank.

Dokumentasjon av oppdaterte og korrekte rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar blir gjennomført effektivt i samsvar med interne retningslinjer og på ein trygg måte. Manglande korrekt skriftleg dokumentasjon aukar risikoen for feil i rekneskapen og at kommunen kan misse inntekter den har krav på. Revisjonen vert og meir tidkrevjande som følgje av manglande oppdatert dokumentasjon av rutinar og fullmaktstilhøve.

6 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nytta høve til å takke for samarbeidet!

Med venleg helsing
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet